


Torvald Austrumdal

Levevis i gammel tid

Omkring 1930 skreiv Torvald Austrumdal om dette emnet. Denne artikkelen ble trykket i boka til Sem Austrumdal (bror hans): «Bjerkreim – skipsreida, herad og kyrkjesokn», utgitt i 1932. Jeg har oversatt artikkelen til dagens språkbruk og supplert med noen nye bilder.

Aaland Gård, september 2011
Paul Tengesdal



Rekonstruksjons-tegning av den gamle årestova i Austrumdal. Bygd dei første åra av 1600-tallet og nedrevet i 1730-åra.


Skal me få eit nokolunde bilde av korleis forfedrene våre hadde det i det daglige livet i helg og i arbeid, då er det nødvendig først å sjå litegrann på korleis dei bygde husa sine og korleis dei hadde desse innretta. Måten å byggja på gjenspeglar i store drag den almene utviklinga.

Noko som var særmerkt for ein gard i gamletida var det, at om det var aldri så mange bruk på garden så var husa til alle brukta bygde tett innpå kvarandre, dei stod i ei klynge. Åpninga mellom husa var gardsplassen, til kvardags nemt bare «garden». Den dyrka jorda var ikkje utskeidt slik at kvart bruk hadde sin teig, nei jorda var sunddelt i små-teiger. Desse teigane var slik spreidde utover vollen, at det tidd hende at ein mann åtte åkeren og ein annan åkerkanten. Kvart bruk hadde sin tun-teig, og her var husa bygde slik at gjødsel-seget fra fjoset «tadfallet» kom denne teigen tilgode.

Mellom desse husa på garden var det særlig eit som var midtpunktet for huslyden sitt liv,

nemlig det huset der eldstaden var, eldhuset eller årestova. (åre = åpen eldstad ute på golvet). I denne stova såg den unge for fyrste gang dagens lys, og her let dei gamle att sine auge for alltid. Her vart maten kokt og her vart den eten. Om dagen helt dei seg her med arbeidet under lyset fra ljoren (hål i taket der røyken går ut), og om kvelden ved lyset fra åre-elden. Dette årestove-huset har sett nokolunde likt ut, både inni og utanpå over heile landet.

Grunnsnittet av eit slikt hus var ein avlang firkant. Det hadde ei stove som gjekk på tvers av heile huset og to små rom i den andre enden. Det eine av desse romma var forstove eller gang, «utedyr», kalla så etter den ytre døra som var her, «ytradør», det andre var eit kammers, «kleve».



Årestova i Austrumdal, rekonstruert etter ymse bygnings-tømmer,
samt ei dør og eit langbord som var teke vare på. Årestova var innredet slik:
1=Årestova, 2=Gang, Utedyr, 3=Kleve, 4=Mold-benker, 5=Åren, 6=Senger, 7=Bordet.

Over kleven og utedyr var det lagt flat lem, men ikkje over stova. Denne var såleis åpen like opp til taket. Den eineste lys-åpningen i stova var eit firkantet hål i mønet, ljoren - «ljåren», som dei sa i Bjerkreim. Denne ljoren skulle også føre røyken ut når dei elda på åren.

Noko grunnmur å nevne var det ikkje under huset, bare ei lita stein-rekkje, så mykje at nedre stokken, «svidlæ», ikkje vart liggjande heilt nedpå marka. For å få det tett og trekkfritt nede ved marka, vart det tømret ein fast trebenk rundt stova, og denne benken vart fylt med tørr mold eller sand, mold-benken.

Midt i stova var eldstaden. Dette var noko høgare enn jordgolv og laga av stein, og på skap som ein avlang firkant. Eldstaden kalla dei stundom for «gruo» eller åren. Åren skal være avleda av latin og tyder eit alter. Røyken var jamt ei plage når dei elda i årestova. For å få denne til å dra seg opp gjennom ljoren laut døra stå litt på gløtt, men av dette vart det ein nokså lei trekk gjennom rommet. For å sleppe denne dør-trekken brukte somme å ha ein trekk-glugg på veggen, *vindauga*, som sidan, da lys-åpningen vart flytt fra mønet og nedpå veggen, fekk navn etter denne trekk-glugg.

Om kvelden vart elden «skara», og det vart gjerne lest ei eld-bønn for at han ikkje skulle slokane ut om natta. Åre-elden varmet dei seg med, når dei var hustre og kalde, koka maten med han, og så varmet og lyste han opp stova. Var det ikkje naudsynt å elda for varmen si skuld etter at det var vorte mørkt, brente dei ei tyrispik til å lysa opp rommet med. Om åre-elden omkransa seg alt liv i stova. Det var ikkje underlig at elden var noko guddommelig og åren liksom eit alter.

I årestova var det jordgolv, men det var mykje i bruk, i eldre tid, å ha eit tregolv tvers over

stova ved brystveggen (sjå tegning). Dette golvet kalla dei «pallen» eller «seten», derav navnet setehus. På seten stod bordet, og om vinteren reidde dei stundom flatsenger her.

Det var ikkje mykje møbler i dei gamle røykstovene. Utanom mold-benken og eit par veggfaste senger var det lause krakker, kanskje eitt eller to skap og i seinere tider eit bord med forsetebenk. I kleven var det seng og gjerne ei kiste, og på lemmen over forstova og kleven var det sengeplasser.

Slik såg årestova ut, og slik har ho vorte brukta i Bjerkreim av foreldrene våre frå langt borti gamletida, gjennom mellomalderen og langt uti 1700-tallet, inntil ho etterkvart vart avløyst av ovnstova.



Dørstokk (og kalla «beitski» eller «tjenunge») frå den gamle årestova i Austrumdal, senere brukt i nystova. Det er usikkert kva årstallet 1639 står for, men det menes at årstallet 1733 står for da den nye stova vart bygd. Oppbevares nå i gårdsmuseet i Austrumdal.

Då dei gamle husa i Austrumdal vart nedrevne i 1925 fann dei under stovegolvet ein åre, nett liggende slik han hadde vore i bruk for ikring 150 år sidan. Åren var husets alter, i den tenktes gården skytsånd (årevetten) å ha sin bolig, og elden måtte ha som offer noko av alt kva gården frambrakte. Over åren vart det nyfødte barnet vigsla, og rundt om åren bar man 3 ganger den døde før han vart båret ut, som den siste hilsen til hus og heim. Ikkje rart at dei som bygde det nye huset ville være trygge og ikkje ville ødelegge åren.

Åren har som sagt vore nytta i Bjerkreim heilt ned i 1800-tallet, men det er somme ting som tyder på at skorstein og har vore kjent nokså lenge attende i tida. Dei eldste skorsteiner var bygde inne i stova. På garden Lanes var der i den eldste stova bygd skorstein. Da skorsteinen kom i bruk, vart det råd å leggja lem over stova, og da måtte dei ha lys-åpning ned på veggen, såkalla vindauge.

Da bileggerovnen vart teke i bruk i 1600-tallet i stovehus i Bjerkreim, vart huset endra slik at det høvde til den nye eldstaden. Stova vart lik seg, med unntak at åren var borte, og ovnen stod ved den eine veggen, dessuten var det tregolv og lem over og vindauge. Bileggerovnen var ikkje til å koka i, derfor vart skorsteinen med grua lagt i eit rom attmed stova. Dette vart eit nytt eldhús, lagt under same tak som stova og fekk navnet kjøkken. I gruva vart maten koka. Her vart og bakstehella opplagt under flatbrødbaksten, og her hekk «bronngrøyna» som dei varmet vatn til mjølkekyrne.

Kjøkkenet var alltid hellelagt og rakk ikkje tvers over heile huset, da omlag 1/3-part av huset var ein gang eller forstove. På baksida av huset stakk gjerne kjøkkenet noko lenger ut enn stova, så det kom i retning med ei svol eller ein skut som var bygd ved sida av stova. Somme hus hadde eit kammers tvers for enden av stova. Var det større hus, så bygde dei eit rom på andre sida av kjøkken og gang. Dette kalla dei for «buæ», og somme meiner at dette er stolpebua som har blitt bygd inntil her. Det stemmer godt med at i Kviten er nettopp buæ, den gamle stolpebua, inntil bygd.


Langs med buæ var der gjerne ein skut. Seinere, etter 1700-tallet, vart kammerset på enden flytt på sida av stova, stovekammerset, og med sida av buæ vart og bygd eit kammers «buskammerset».



Omnstova frå 1700-talet.

«Buæ» til høgre.

(Frå Eikeland på heidi. Enno i bruk).



Grunnrit av hus med omnstova.

Stovorne er 8 alne i kvar kant. Dette er den vanlege storleiken på stovo i store hus.

1. Stova. 2. kamers. 3. Gang med ytradør, gammalt utedyrr. 4. Kjøken med bakdør. 5. Buæ. 6. Vedskutar. 7. Svøl til torv eiler lyng eller ymse «rabe». 8. Sengjer. 9. Bileggjaromn. 10. Bord. 11. Benkjer, glasbenk, øvrebenk, forsete og omnkråbenk. 12. Skåp. 13. Gruva. 14. Kistor. 15. Hyllor. I kjøkenet brukte dei hyllorne til «kjørelæ» d. v. s. alle slags kar som høyrde mjølkestellet til. Hyllorne i kamerset var mjølke-hyllor.

Dette ritet syner grunnplanen av eit hus på ein heilpart i Bjerkreim, slik husi vart forma etteratt jarnomnen var komen i bruk (kring 1700-talet). Hus av denne type hev vore i bruk på ymse gardar i Bjerkreim heilt til fyrstninga av 1900-talet.

Dette huset fra Eikeland på Heia var i bruk til uti 1930-åra.

OMNER I STOVA

Kring 1800-tallet tok det til å verta omner å få kjøpa, som det var råd å koka i. «*Bileggjaren*» vart nå etterkvart utbytt med kokeovner. Matkoking flytte nå inn i stova att for ei kort tid, for alt ved 1900-tallet kom kokekomfyren i bruk. Denne vart fra først av satt opp i gruva i kjøkkenet, men komfyren gjorde det at gruva vart unødvendig. Nå reiv dei skorsteinen ned og bygde «loddpipa» istaden, med gruva i kjelleren til bakstehella og større gryter.



Bileggerovn fra det gamle 1700-talls huset på Eikeland på Heia

SLIK HADDE DEI DET INNE


Møbler var det, som tidligere sagt, nokså sparsomt med i eldre tid, dessutan hadde disse, som husa ellers, sitt eige lag ulikt nåtida. Sengene, som var bygde fast til veggen der dei stod, var av svært tømmer og så høgt frå gulvet, at det var laga ein særslig avsats til å stige på når dei skulle oppi senga. Gjennom mellomalderen fekk senga litt etter litt ein annan skap, vart laga med stolper i hjørnene, og var det litt meir forseggjort, laga dei himling (karness). Alle gamle senger er svært breie og korte. Dette skriv seg frå den mellomalderske måten å kvila på, halvt sittande i senga.

Halm vart brukt til «*sengjaboss*». Vart det fôrnaud om våren, tok dei sengjabosset til kreaturfôr, og lyng, einer eller mjuke bjørkekister fekk gjere tjeneste som sengjaboss, – tildess det var råd å få tak i nytt høy. Over sengjabosset breidde dei ei «*bosbreia*», som var vove av garn av grov ull og geiteragg. Til sengeklær over seg hadde dei kvite ullkvitlar (ullteppe), og ovenpå desse hadde dei ein skinnfell. Denne var ihopsydd av 6 alunbarka, uklypte saueskinn. En gammel skikk, som delvis har holdt seg til mot slutten av 1800-tallet, var den, at dei sov heilt nakne under sengeklærne.

Ei «*stolpabu*» var det gjerne til kvart bruk. Desse var, som navnet seier, bygde på stolper. Desse stolpane hogg dei ein fals rundt, for at ikkje rotter og mus skulle sleppa inn. Stolpebua var først og fremst matbu, lagerrommet, der dei lagra korn og anna mat fra år til år, så dei sjeldan eller aldri kom i naud for mat, om eit eller anna år vart ringt kornår. Forutan mat stod det og kister på stolpabua med klær, og hadde dei penger eller anna verdefullt, så var det å finna på kistebotnen, det og.

Det hende at tjuver braut seg ned gjennom taket og kom seg inn i stolpebua og stjal når folket var borte frå garden, t.d. på utslått. Eit slikt tjuveri vart i 1814 gjort på garden Austrumdal. Det var ikkje lite som vart stjålet; 10 sølvskjeier, 3 sølvkjeder, 1 sølvhalsband, 3 gullringer, 3 sølvringar, 3 par skospenner, 1 sølglass, 3 par utgraverte sølvknapper, 6 dusin sølvknapper, 15 spesidaler, 2 firemark-stykker, 13 mark-stykker, 8 sølv riksdaler, 1000 riksdaler, 2 par sølv

knespenner, 1 pengepung med sølvbeslag, 2 kort kledetrøye med 18 sølvknapper, 2 grønne vester med sølvknapper, 1 par blå lange bukser, 1 rund hatt med sølvband, 1 lærskreppe, 1 tegnebok, 20 silketørkle, 18 stykker bomullstørkle. Denne lista over tjuvegods gir oss ei mening om reservalageret på ein vanlig gard og eit godt hint om klærne fra først på 1800-tallet.



Ei kiste frå Ivesdal, fra begynnelsen av 1600-tallet, overmåla i 1785

REINHOLD

I eldre tid var det badstover på kvar gard. Dette var små tømra hus med ein stor røykovn i. På omnen var det tillaga tørkeplass for korn og malt. Kornet tørka dei og på hyller rundt veggene. Men det som gav huset navn, var dette at her tok dei sveittelaug (dampbad). Når omnen var godt oppheta, skvettet dei vatn på ham, og huset vart snart fylt av eim. Den eller dei som ville bada, helt seg nakne inne i denne eimen, til dess dei hadde fått svettet godt ut, så vaska dei seg i kaldt vatn.

Kring 1600-tallet kjem badstovene meir og meir vekk, (grunnet kongebud frå Danmark, grunna sedløyse hjå overklassen der). Badstovene hadde mykje å seie for kroppslig reinhold og såleis for folkehelsa. Det var i det store og heile ei ring tid for folkehelsa, omskifte frå årestove til omnstove i setehusa. I årestova var dei vane med å gå inn med skorne på føttene. Denne same skikken helt dei og på med etterat det var lagt tregolv. Golvet vart av dette svært skite. Og då det ikkje var vis å vaska det, laut dei til, når det vart for ille, å skrapa vekk den meste skitten med ei spade. Kvar dag tørrsopa dei med limen.

I dei tider var det vis at alle friske som sjuke, ikkje bare i Bjerkreim, men ellers i landet og spytta der dei var når dei var trøng spytta, anten det var inne eller ute. Dette førte med seg at smitte-sjukdommer hadde lett for å spreia seg. Men striden om spytinga vart teken opp, og etterkvart lærte folk at stovene laut holdes reine ved vask og ikkje bare med limen. Stovene var nå tette og varme; men med luftbytte var det reint ille, det kom ikkje luft inn i stova annet enn gjennom døra når folk gjekk inn og ut. Men det kom seg etterkvart som betre omnar kom i bruk og vindauge var laga til for å opnas (*lukkeglas*).

UTHUSA PÅ GARDEN

Fjos og løe var alltid i eldre tid bygd kvar for seg. Fjoset var «mokafjos», dvs. det var ikkje faste båsstød og båsar, men kyrne vart moka under, tilliks med sau og geit, etter som hevda auka i fjoset. For at ikkje kyrne skulle trø seg ned i den mjuke hevda, var det lagt treflanger under. Så sette dei opp «bolkar» og laga båser, dei «*bæste*».

Dei eldste fjosbygningane var av tre, tømmerfjos, men dei hadde ein nokså høg grunnmur under. Dei var lettare å få tette og varme når dei var tømra. Der det var lite med trevirke, bygde dei fjoset av stein. For å få muren tett fylte dei han med jord, men det tørka mykje opp og singla vekk, så laut dei til å stappa med mose, eller klina med møkk fra innsida. Dette siste var ikkje det verste,



Slik var det gamle tunet i Austrumdal, med uthusa; storafjos og løe i eitt.



Bildet viser heimehuset frå aust, med Badstu-ura i bakgrunnen.
Fotografen stod på løtetaket, og det er taket til oppkjøringa til løa som me ser i forgrunnen til venstre.
Foto: Bjarne Gullichsen, Egersund, 1924.

men det laut sjåas etter og haldes vedlike. Kvar haust laut fjoset tettes, ellers vart det kalt om vinteren. «Den som ikkje vil Clemens klinna, han får heile vinteren grina», heite det frå gamalt. (Clemens er 13. november).

Seinere tok somme til å laga faste båsstød i den eine sida av fjoset, med disse var høge og ulaglige å koma oppå, når fjoset var tomt for hevd. Det neste steget var «skjøplefjoset», her var den eine enden av fjoset heva opp noko og laga til «boiafjos» med båsrekke på kvar side. Kuhevda vart nå liggande på eit tregolv midt i fjoset og kunne «sjøplast» (måkast) ned i hevdadungen.

Løa var bygd av runde stokker (brandaløe). På litt større bruk hadde dei løa i 2 rom, eit på kvar side av låven, som lå nokolunde jamt med marka. Det eine rommet var for høyet (høyløo) det andre var for kornet, (kornløo). Somme la høyet i «svole» slik at det i både romma vart ein åpen gang i midten, og så ladde dei kornet i denne. Av gamle brandaløer er det endå i bruk (1931) ei høy- og kornløe i Landsdal og ei kornløe i Austrumdal.

I brandaløene gjekk det til nokså mykje bygningstilfang, dei tok derfor til å bygge løer med stolper og veger av fjøler, og desse fortrengte smått og senn brandaløer som heimeløer. Som markaløer er det enda (1931) i bruk somme brandaløer.

Alle gamle løer var tunge å arbeida i, da låven låg omlag på botnen, og høy og kornband måtte, når løa fyltes, førast heilt opp over slindrene. I slutten av 1800-tallet tok nyrydding seg nokså mykje opp og avlinga auka. For å lette avlessinga i løa, tok dei nå til å bygge «høge låver». Kring 1880 vart dei første «høglåvane» bygde på Nedrebø og Eikeland i Bygda, men først ved hundreårskiftet vart det fart i å bygge oppkjøringer.

Smie var det på kvar gard. Denne var alltid, på grunn av eld-faren, bygd eit stykke i frå dei andre husa.

KLÆR TIL KVARDAGS OG FEST

I Bjerkreim er det lite som fortel om korleis klærne såg ut før 1800-tallet, men me kan være nokolunde trygge på at dei var som i landet ellers. Me må da ta omsyn til den ulikheten eller bygdesærpreget som alltid har vore, sjøl om dei i store drag hadde til mønster ein eller annen europeisk mote. Bjerkreim hadde nok også sitt bygde-særpreg.



Klededrakter fra Rogaland omkring 1810.
Akvarell av Joh. L. F. Dreier.

Det me veit, er at kleda var laga for det meste av ull. Lin og «stry» var og brukta til underklær og skjorter. Strykjorta var hard og vond å gå med, særlig mens ho var ny. Linet var det mykje arbeid med å laga til. Det var røyting, knusing, karding (linhekla) og bleiking. Det var helst til finere skjorter linen vart nytta. Dei dyrka linen sjøl.


Til kvardagsklær vart ulla mykje nytta med den naturlege fargen sin, kvit, grå og brunsvart.

Mannfolkklær var av «vebmål». Var det langbukse, nådde ho til ankelen, og var så smal nedover leggen, som det gjekk an å få foten gjennom. Dette kalla dei for «sokkabrok». Om foten tulla dei ein vadmåls-klut. Bruka dei knebukse, laga dei ein legsokk av vadmål. Fra det tidligere tjuveriet i 1814 nemnes det ei knebrok med sølvspenner og ei langbrok. Av dette kan me skjøna at knebukse har vore i bruk før 1800-tallet.

Skinnklær av saueskinn var mykje nytta til kvardags. Mot slutten av 1700-tallet kom spøtet i bruk. Sokkane vart nå spøtte med fot på, og dei slapp nå den lause fotkluten. Spøtte trøyer kom nå etterkvart i bruk. Til høgtidsklær var vadmålet farga svart eller blått. Dei som hadde god råd, nytta mykje sølv til stas, knapper, spenner og band. Det var råd å sjå på sølvstasen om det var rikfolk eller ikkje. Dei som hadde lite råd laut nøye seg med tinn til knapper og spenner.

Kvinneklaer var og av vadmål. Kvardagsklær var ofte av svart eller kvitt vadmål, og laga i eit, både trøya og stakk. Seinere, uti 1700-tallet vart stakk og trøya sydd kvar for seg. Høgtidsklær til kvinner i eldre tid i Bjerkreim, har me ikkje mykje greie på, men av ymse sølvskaker som har vore nytta i kvinnebunad, syner det seg at det har vore i bruk ein høgtidsbunad med livstykke og vanlig linskjorte. Etter 1800-tallet er høgtidsklærne av farga vadmål, men det tek nå til å koma ymse bymotar inn, og skal det vera ein rettlig fin brurakjole, så vert han, i midten av 1800-tallet, kjøpt i Stavanger.

Underbukse var i eldre tid ikkje nytta av kvinner. Om sommeren gjekk dei nokså lett kledd, berre i ei trøya og ein stakk, og nakne under, og mennene gjekk med berre ei skjorte og ei bukse. Å gå berrføtt om sommeren var vanlig av både menn og kvinner.



*Reimsydde sko fra omkring 1730.
Funne nær åra, under dei gamle husa i Austrumdal.*

Sko laga dei av heimegarva kuhuder. Skorne var låge, og framme oppå skoen var det to tunger som dei vart hefta saman i. Til kvardagskorne nytta dei ei læreim, men til høgtidsskorne var det ei sølvspenne som hefta skorne fast. For å få solen tjukk og stiv nok, måtte dei sy saman 8-10 lærsooler, og inni mellom disse solane hadde dei ein sole av bjørkenever. Den siste skulle nok hjelpe til å halda væta ute. All sying vart gjort med læreim, berre i hælen vart nytta nokre trepluggar.

I kring 1800-tallet tok dei til å laga treskor. Det let seg nok ikkje godt gjera å nytta treskor, da dei hadde ein laus fotklut om foten. Spøtesokk og treskor vart tekne i bruk nokolunde samstundes.

Det vanlige hovudplagget for menn har så langt attende som ein kan følge bondebunaden, vore ei huva sydd samman av 6 trikanta vadmålstykke, og i saumane var dei gjerne pynta med farga band. Dette var «pinnhuva». Seinere da spøtet kom i bruk, spøtte dei pinnhuvene.

Til høgtidsbunaden brukta dei vaksne for det meste hatter. Hattene var gjerne heimelaga. I det nevnte tjuveriet fra 1814 nevnes det ein hatt med sølvband om.

Til kvardags vart skinnklær, særleg skinntrøyer av alubarka snauklypte saueskinn brukta. Disse var tette og gode å ha på seg når dei var ute på ymse arbeid i sprengkalde vinterdager. Kvinnene hadde skinntrøyer på seg til utanpåklær, når dei stelte i fjøset. Ei og annen slik skinntrøye har vore i bruk til langt uti 1800-tallet.


SVANGESKAP, FØDSEL OG DÅP

Det er naudsynt når ein skal fortelja om dei einskilde hendinger i eit mannsliv – fødsel, ekteskap og død – å sjå desse i lys av dei skikker som nedigjennom tidene har laga seg om desse, skikker som har si rot i utgamle tider, og som i mellomalder og kristendom ikkje har makta å omskape anna enn litt i ytterflata. Det er slik at når menneske ikkje har kjennskap til ein eller annen hendelse her i livet, så tyder dei det ut i frå det mystiske. Skal ein derfor forstå desse skikker, lyt ein sette seg litt inn i eldre tiders tenkemåte og livssyn. I samsvar med den primitive livsoppfattning er heile naturen liksom levande. I alle ting er det krefter – *magter*, og ved personifisering av desse vart det ei heil mengd med skapninger, som anten var gode og ville mennesket vel, eller var vonde og ville ødelegge. Det var derfor om å gjera for mennesket å halda seg til venns med dei gode makter – særlig ved å gjeve dei offer – for ved deres hjelp å vinne over det vonde.

Når ei kone gjekk med barn, hadde ho så mange ting å ta seg i vare for, om det skulle gå henne og barnet vel, at det måtte røyna stygt på minnet å hugsa alle. Her skal me bare nevne nokre einskilde ting som er velkjent i Bjerkreim. Ho måtte ikkje stige over ei «*trodskål*» (terskel) som det var hogge i med øks, for da fekk barnet «*dørahogg*», og ikkje måtte ho vera tilstade når dei slakta, for skvatt det blod på henne, fekk barnet raude føflekker.

For å lette fødselen var det mange underlege ting som hjalp, frå gniding med bjørnelabb til inntak av avkok av harebein.

Jordmødre i eldre tid var ei eller anna kone i grannelaget, som ved sjølvopplæring hadde sett seg inn i desse ting meir enn dei fleste andre. Ho vart da henta når dei venta smått. Ellers var dei fleste koner såpass inni fødselhjelp at dei, om det kneip, kunne være jordmor. Ellers var det vis at fleire koner var tilstades, dei trongs til hjelp med vaking over barselkona og barnet. For så snart barnet var fødd, var det ettertrakta av det vonde og av dei «*hulde*».



Dryfte-troget for rensing av korn. Her blei den nyfødde lagt, dette var ein hellig stad som vonde makter skydde.

Sålenge barnet ikkje var døypt, var hedning, måtte ikkje elden slokna på eldstaden, og det måtte vera nokre tilstades som vaka, for ellers kunne barnet verta ombytt av huldrefolket. Slik ein bytting var lett kjennelig på det at han ikkje ville trivas. Som ei særslig trygd for barnet, skulle det, sålenge det ikkje var kristna, legges i «*dryptrogæ*». Korn og brød var hellige ting, som den vonde skydde, og dryftetroget vart nytta til dryfting – rensing – av korn, og var såleis den tryggaste staden dei kunne legge den vesle hedningen. For å gjera staden enda tryggere la dei eldstålet attmed barnet til vern mot «dei hulde», og salmeboka også til vern mot det vonde.

Det var såleis stor vågnad med å ha barnet lenge heime før det vart døypt, og barna var derfor ført til dåpen så snart det let seg gjera. To - tri dager gamle barn vart tildt ført til kyrkja for å døypast. At det var vågsamt å reisa den lange kyrkjevegen med så lite barn, fekk ikkje hjelpa. Når barnet var kristna, vart det lagt i vogge.

Når fødselen var vel overstått, samlast grannekonene og konene til nære slektninger seg hjå barselkona med «sengjamat». Frå gammelt av var dette gryngraut kokt i mjølk og med smør i. Konene kom gjerne på ein dag, så det vart eit heilt konelag. Dei smaka på sengjamaten og vart bedne øl, for kvar velhalden mann brygde øl når han venta småfolk til huset.

Når barnet skulle få navn, gjekk ikkje dette på slump. Ættekjensla var sterk, og den enkelte hadde lite å seie utan i samhøve med ætta si. Derfor kalla dei opp, først besteforeldra, faren sine foreldre først og slik etter faste regler.

Før kristendomen fekk barnet navn ved at det vart aust vatn på det. Denne handlemåten gjekk så ved kristendomen over til dåpen. En skikk som er av heilt kristelig utspring er den, at barselkona ikkje fekk lov å gå til kyrkje før 40 dager etter fødselen og ho slapp ikkje inn før presten ved ein tale hadde «rensa» henne (grunnet de moseiske rensings-lover). Skikken helt seg i Bjerkreim til slutten av 1800-tallet.

Dei som skulle stå fadder til barnet ved dåpen, skulle gi faddergaver. Dette var helst penger. Skikken med å gi faddergaver har vore i bruk lenge før kristendomen og holder seg enda.

TRULOVELSE, EKTESKAP OG BRYLLUP

Frå urgamle tider, før det var noko videre samfunnsdannelse, var det nok ikkje noko ekteskap etter vårt syn. I sagatida høyrer me om brudekjøp. Mannen kjøpte seg ei kone. Kjøpesummen var etter gjævskapen til brura. Det var ikkje spørsmål om brura var enig i denne handelen eller ikkje, men det vart teke strenge omsyn til ått og folkeslag, og mannen hadde plikt på seg å vyrda kvenna han hadde kjøpt som kone. Men han hadde og stor makt over henne. Valget av ektefelle låg såleis i foreldra si makt, og var ved nedarva skikk og bruk så innlevd at det hente sjeldent eller aldri at barna sette seg imot foreldrene i dette stykket, sjøl om hjarterøysta sa noko anna.

Den daglige omgangen mellom kvinne og mann var av folkeskikken sterkt avmålt. Det vart rekna for usommelig om gut og jente ved dagslys synte at de tykte mun i einannen. I kvardagslaget som i gilde satt mennene og kvinnene på kvar sin stad i stova. I Bjerkreim har det til det siste vore vis at i gjestebud skulle mennene sitja først til bords, ja i kyrkja er det enda (1931) manfolk- og kvinnedesida, og skikken er strengt halden.

Kva tid skulle da dei unge treffes og lære einannen å kjenne? Å jau, dei var i lag i bryllup og julelag, og dessuten var det skikk å ta seg en kvil på heimvegen frå kyrkja. Slike kvile- og stoppestader var det på Fjermedalskleiva og i Stauravika i Svelalia. Her let dei hestane få kvila, og sjøl tok dei fram niste og forsynte seg. Det vanka øl, og da brennevinet vart kjent, også dram. Karane prøvde styrken og vart så moda at dei jamvel våga å skemta med jentene. Det kunne nok mange gonger gå vilt til når øl og brennevin hadde gjort det heitt i hovudet, og kniven satt ikkje i slike hove for fast i slira. Men det kunne også gå fint for seg i sommernatta med felelåt og svingom og med ungdomsmoro. Og var det ei høgtidspreik, ei smør- eller moltepreek på Bjerkreim, og tenarer og ungdom fekk ha hest, ja så galdt det om for karane å få jenta si med seg på hesteryggen.

Når gutten hadde fått ja av jenta og foreldra hadde samtykt, skulle det formelle frieriet gå for seg hjå jenta sine foreldre. Ei stund etter reformasjonen (1537) vart det fast at presten og 5 vitne måtte være til stades ved festermålet (trulovelsen) om det skulle være gjeldande. 3 gonger skulle det lyses til ekteskap, og endelig skulle dei trulova la seg vidja sammen ved kyrkjedøra. Seinere var vidjinga flytt inn i kyrkja. I 1788 vart prestetrulovinga borttatt. I Bjerkreim vart festermålet kalla «vissøl», dei drakk vissøl.

Bryllupet vart mykje holdt ved jonsok tider, for da var dagene lange og mest ikkje natt, været var for det meste godt, og så var det hus under kvar busk, og det trongs, for det var mykje folk samla i dei gamle bryllupene.

14 dager før bryllupet reiste brud og brudgom rundt i kvar sitt grannelag og «ba te brødlau», og var det skyldfolk utanom grannelaget, måtte sjølv sagt dei og bedast. Dei som vart «bodne» sende med bedaren eit sauelår eller det vart henta seinare. Bryllupsgjestene hadde med seg «reitla», sendingskost. Dette var kling frå gamalt, men seinere lefse. Attåt «det klinte» høyrt også eit dravle- eller gomefat. Hjå grannane kunne og dei som heldt bryllup, henta den mjølka dei trong. Størrelsen

på reitla var avmålt etter skyldskapen, og kunne være 30 til 40 lefser eller kling.

Til kvart bryllup var det ein kjøkemeister. På han kvilte styr og stell av bryllaupet. Han måtte ha kjennskap og vera heilt inni dei gamle skikkane og seremoniane, som gav det gamle bondebryllupet si høgtid og som er nedarva frå urgamle tider. Det var vanlig at bryllaupet stod hjå foreldra til brura.

Første bryllupsdagen kom gjestene saman. Dei som hadde lang veg var gjerne komne dagen før. Kjøkemeisten tok mot gjestene med ølbollen og baud dei drikka, så vart dei bedne inn og sette til bords. Når alle var samla, lyste kjøkemeisten bryllupsfred. Andre dagen var det kyrkjeferda. Hadde dei lang veg, og det er mange garder i bygda som har fra 10 til 25 km til kyrkja, så måtte dei ta nokså tidlig ut, om dei skulle nå heim same dagen. I desse tider var det ikkje køyreveg nokon stad i bygda. Dei måtte ferdast på hesteryggen eller til fots. I bryllupet lånte dei saman så mange hester det var råd å få tak i. Dei som kom med hestane, hadde rett til å vera med i bryllupet ei stund. «*Brurereiæ*» var namngjeten; det var så mye ståk og styr. Dei skulle skræme vekk dei hulde som hadde slik hug på å ta brura. Derfor brukta dei og å skyte i bryllup.

Spelemannen gjekk føre med fela og spela «*bruaslagje*», brudeslåtten. Han spela brudeferda ut av brullaupstunet, og gjennom kvart tun, brudeferda drog på kyrkjeferd, ljoma fela og fortalte at nå kjem det eit brudefølge. Når brudefølget med spelemannen i brodden var komet attende i bryllupstunet, skulle spelemannen spela gjestene til bords.



Det kjente maleriet, «Brudeferd i Hardanger», av Adolph Tidemann og Hans Gude, malt i 1848. Dersom fjella hadde vore malt litt annerledes, så kunne brudeferda vore på Ørsdalsvatnet i Bjerkreim.

Fra Ørsdalen måtte dei ro vatnet for å koma til kyrkja på Bjerkreim.

Vi ser spelemannen sittende framme i båten, bak sit brudeparet, og i båten står ein skytter klar for salutt, nett slik det sikkert var når «brurereiæ» passerte strandgardane; Kalveskog, Lauperak, Dyrskog, Landsdal og Kleppali på vegen til Odlandstø.

BRYLLUPSKIKKER

Når brudeferda kom att frå kyrkja og bruda hadde stige av hesten, vart det tatt varsel for ekteskapet ho nett var kommet inn i. Ei skål øl som kjøkemeisteren kom med, skulle bruda tøma, og så kasta skåla over hustaket. Kom skåla ned på andre sida, var det eit godt merke, og kom ho ned på same sida, men vart stående, var det heller ikkje så verst, men kom skåla kvelvd ned på same sida, var det eit dårlig merke.

Av været på bryllupsdagen vart det og tatt førebud. «Rik er regnbrud, sael er solbrud, vesal er vindbrud», seier ei gammel regle.

Etter maten tok dansen til att, og nå skulle alle dansa med brura. Dei eldre satt i stova med ølbollen. Det gjekk med soger om karstykke og mandomsverk og av og til skryt. Når det leid på natta og fleire ølboller var tømte, da hente det nok at fantord fauk mellom grannar som hadde eit eller anna utestående seg i mellom. Dette stevet har visselig vorte til i eit jule- eller bryllupslag med ølbollen:

<i>Du tar mæg inkje på bagjæ lasta, he eg mæg kola eg kann meg vaska. Eg kann meg vaska, eg kann meg två, så kann du slikka mæg ittepå.</i>	Fritt oversatt: Du behøver ikkje slenge dritt om meg! har eg blitt skitten, så kan eg vaska meg. Eg kan vaska meg, eg kan tørka meg, så kan du slikka meg etterpå.
---	---

Bryllupet varte på det jamne i 3 dager.

Buste-mann og buste-kona, vart dei nygifte kalla, når dei om hausten, etter at dei hadde halde bryllup, for rundt bygda og bad om «buste» (til busetting). Dette var ei form for innsamling som var tenkt folk som lite hadde å setja bu med. Etter skikken i Bjerkreim skulle ikkje bustemannen be om noko når han kom til gards, men ha med seg eit snushorn og by på snus. Alle visste da at det var bustemann som var ute og gjekk, og dei gav han eitt eller anna som trongs når dei skulle «setje fot under eige bord». Det var nok helst korn dei fekk, men ellers kom det vel med kva det var, for «alt er bustemannen gagnleg», seier ordtaket.

Denne skikken utarta, som så mange skikker gjer, så det vart til at dei bad buste antan dei trong om det eller ei. Dette vart ei plage, og dei styrande måtte ta opp skikken, som nå hadde vorte ein uskikk, og setja forbud mot han. I Bjerkreim var denne saka framme i heradstyret i 1854, og besluttet: «Nærvarerende formend og representantskap skal have opsigt med bemeldte tiggere forat drage sådane til andsvar.» – Denne beslutning skulle leses opp på kyrkjebakken.

DØD OG LIKFERD

Før eit menneske vart sjukt og døyde, meinte dei gamle, at dette alltid ville verta varsla ved eitt eller annen forvarsel. Kom kattugla heim til husa, så varsla ho vondt, og fann dei ein orm på kyrkjevegen, skulle det straks verta ført lik etter denne. Låg to strå på golvet slik at dei laga ein kross, eller eit barn la seg på golvet etter eit golvbord, så tyda det vondt.

Dei hadde likskjorter og liklaken liggende ferdige, og liksom hadde dei til alle tider tørre bord liggende til å arbeide kista av. Ei likkiste skulle dei lage ferdig på ein dag.

Før liket vart vaska og lagt på likstrå, la dei salmeboka på brystet og las «Fader vår» over det. I eldre tider vart liket lagt i kista fullt påkledd, i den døde sine kyrkjeklær.

Grannene vart bedne, og dei hadde «reitla» med som i bryllup, bare mindre av alt. Når kista var attspikra på gravferdsdagen, skulle det setjas tre brennende lys på kistelokket. Dei song liket ut av garden, og på kyrkjeveg song dei gjennom kvart tun dei drog, liksom dei spela i bryllup.

Det var mange gonger svært travelt å føra lik frå dei gardane som ligg lengst frå Bjerkreims-kyrkja. Vegane var ringe, og slo det inn med uvær og uføre, så kunne det røyna på. Dei brukta

likbåra når et ikkje var snøføre. Ein hest gjekk framfor og en attanfor kista, så måtte karane gå ved sida og halda jamvekt. I Ørsdalen måtte dei, når vatnet var frostlagt (aldri midt på vatnet), ta over Kalrasheia, ut Austrumdalsvatnet og videre ned gjennom bygda.



Maleri av Erik Werenskjold, 1885.
Nasjonalgalleriet, Oslo.

I dei gamle gravferdene brukte dei mykje øl, derav gravøl. Det gjekk av og til nokså vilt for seg på vegn til kyrkja. Det har hendt at det vart slik slåssing, at dei førtet liket med seg heimatt og. Ved roing over vatna drukna folk, og i haustmørke og vind, hende det fleire ulykker.

Då dei kom fram til kyrkjegarden grov dei sjøl grava og grov over att, og mange gonger grov dei uforsvarlig grunt. Så song dei ei salme, og stod litt med hatten for ansiktet før dei reiste heim att. I eldre tid vart grava aldri stelt med. Seinare la somme ei steinhelle på grava, sette opp eit jernkors eller ei tretavle. Første gongen det var preik etter likferda heldt presten en gravferdstale over den avdøde.

I eldre tider var dei alltid redde for at den døde skulle gå heimatt. Eit par av alle råda dei brukte for å hindre dette, var at dei brente sengjabosset, og la spadene etter seg i kross på grava.

JULEHØGTID

Utenom dei store festar som vart halde ved dei store hendelser i livet – fødsel, bryllup og død – var det særlig ein stor årlig fest forfedra våre høgtida, og det var jul. Jul er den einaste kristne høgtida som har rot i eldre tider. Før kristendommen vart det halde ein midtvinters-blot (kring 14. januar) for godt år og fred. Dette var ein fest for sola, tenk om sola i den mørke tida vart borte? Det var lett å føra denne festen over til kristendomen, da det vart framhalde at dette var fødseldagen for den sanne sol, Kristus.

På garder der sola var borte ei stund om vinteren, helsa dei henne det første ho synte seg etter nyttår på den måten, at dei sette ut i solveggen smør og ost, så sola fekk skinna på det. Dette er ventelig ein gammel soloffer-skikk som heldt seg like til midten av 1800-tallet.

Jul var i gammel kristen tid frå 25. desember til 6. januar, men i mellomalderen vart juletida utlagt frå Todlaksmøs (23. desember) til 13. januar, tjue dag jul. I desse tre vekene var det helg slik at arbeid som ikkje var heilt nødvendig å få unnagjort, vart spart til etter helga. Slik var det i Bjerkeim at rokken ikkje skulle væra inne i stova i julehelga, i disse tre vekene. Til jul skulle alle ha noko nytt kledeplagg, for ellers fekk dei «dra på hoggestabben», som dei sa.

I kvart hus bryggja dei øl til jul. Maltet skulle væra bløytt, turka og grypjå før Todlaksmøs. Tidlig om morgonen, Todlaksmøs, skulle ølbrygginga ta til, og «juleapto» kunne dei skaka ølet opp. Ølet var fra gammelt av germanernes hellige festdrikk. Det var med stort alvor dei utførte arbeidet

med ølbrygging. Det var mennene som hadde dette arbeidet.



*Det var vanlig å bryggja øl
fleire ganger om året,
og alltid fast før jul. Og så
skulle ølet smakes på.*

Juleaftan skulle julebaksten gå føre seg, og det så tidlig at baksten, kining av smør og klining av kling (lefse) skulle være unnagjort før dei fekk morgonsmat. Maten juleafta-morgenon var kling med spekaure og saup, seinere også jordeple (poteter). Til nons (middagsmat) same dagen var det «sidesteik», steikt på glo, og til denne skulle det være ein bolle nytt øl.

Mellom nons og kveldsverd (kveldsmat), skulle alle i huset ta seg et laug (bad). Den tid badstovene var i bruk, vart nok dette tatt her, men etter den tid vaska dei seg i eit kar med varmt vatn. Husbonden hadde første rett, deretter alle vaksne karfolka. Så var det husfrua og dei vaksne kvinnene, til sist barna. Når alle hadde lauga seg, skulle jentene vaska alle ytterklær i det varme vatnet og henge dei til tørk.

Til kvelds åt dei julegraten. Denne var laga av heimegrybja havregryn, kokt i mjølk og måtte være like så sikker til jul som øl. Julegraute kalla dei for «Maria barselgraut». Før dei sette seg til bordet og åt julegraute, song dei ei salme, og husbonden minna gjerne om det som var hendt julenatta.

Juledagsmorgenon skulle husmora sjå etter under bordet om det ikkje låg ei havre- eller byggkodne. Av dette kunne dei sjå korleis året ville verta. Var det et margfullt korn, vart det godt år, eit lett korn spådde ringt år.



*For å verje seg mot vonde makter skar dei krosser i alle dører.
Dør fra det gamle huset i Austrumdal har kross og årstall 1751, oppbevares nå i gårds museet.*

Etter folketrua var det så mykje trollskap og vonde vette ute og ferdast i jula. Lossi var ein underlig skapnad som såg etter at julearbeidet var unnagjort før non juleafta. Etter den tid kom ho på skorsteinspipa og ropa: «Inkje bryggja, inkje baka, inkje store elde hava.»

Åsgårdssreia var nå den fæsligste. Ho kunne ta folk med seg, og då kom dei aldri att. Var det ikkje sett kross på fjøsdøra kunne hesten verta tatt med av «reiæ». Det hende, seier segnet, at hesten stod gjennomsveitt på stallen om morgenon, då hadde han vore med i Åsgårdssreia om natta. For å

verja seg mot alle vonde skapninger skar dei krosser inn i alle dører. Ei sers vernande makt hadde tjøre-krossar, og vart derfor nytta mest mogelig. Maten vart det og sett krosser på og på øltønna.

GAMLE JULESKIKKER

Nå i jula var det beste tida å ta varsel av ymse slag. Ville dei unge ha greie på kven dei skulle verta gift med, var det fleire måter å få dette visst på. Dei kunne sitja i julestova. Når dei andre i huset hadde lagt seg juleaftakvelden, kunne den som ville freiste, sette seg i stova og ha stående på bordet 3 skåler, ei med vatn, ei med mjølk og ei med øl. Når midnattstimen kom, høyrdes det først ein hard smell, så ein til. Med den tredje smellen, som var så hard at det høyrdest som veggene skulle klovna, kom den inn som ektemake skulle verta. Drakk han (ho) av vatnet vart det bare armod. Drakk han av mjølka vart det som meddel, men drakk han av ølet vart det rikdom og lukka. Men skulle dei døy ugifte, kom det inn ei likkiste.

Å gå med grautetvora (å røre med i grauten) var ein annan måte. Skulle dette lukkast måtte tvora verta lurt bort så ingen visste det. Foruten tvora skulle dei ha med 4 kniver. Nå skulle dei gå rundt stolpebua og setja ein kniv i kvart hjørne dei gjekk framom. Ved det fjerde hjørnet kom den dei skulle vert gift med og smaka på grauten. Vart dei ikkje gift, kom det en flådd kalv.

Dei kunne og eta salt. Den som ville freiste, måtte før han la seg om kvelden, eta ein del salt, så skulle han gå bakover og telja bjelkane under lemmen. Om natta ville han drøyma at den som han skulle gifta seg med, kom og gav han drikke.

Første juledag skulle alle halda seg heime. Annen og tredje juledag kom dei saman i lag. Det gjekk med turing og drikking mest som i bryllup. Kom det framande til gards i julehelga, måtte alltid desse bedas inn og smaka på julegrauten og ølet. Vart dei ikkje bedne inn jaga dei jula ut.

Etter julehelga uti januar kunne rokken tas inn att i stova. Nå var det for kvinnfolka om å spinna noko, så var det løye å sjå kven ein fekk som rokkemann. Den første som kom til gards etter helga, var rokkemann til den første som spann etter helga osv. Den gjævaste rokkemannen var den som hadde mykje skjegg, det varsla mykje ull og rikdom.

Og for karane, så måtte dei til låven og treske, så fekk dei låvekjerring. Det var moro å sjå kven av jentene som først kom til gards, kven dei fekk til kone, og sjå kven som fekk den gjævaste.

En skikk hadde dei i Bjerkreim som er noko underleg. Den første fullmåne etter julemånen, Torre, kalla dei mannamånen. Den første dagen etternymåne åtte månen sjølv, den eldste åtte den eldste mannen og såleis hadde kvar mann etter alder sin dag. Av været kunne dei da sjå korleis mannen var. Var været stygt skulle den som åtte dagen sitja på ljoren, skorsteinen. Neste måne, Goi, var kjerringmåne. «Goi rista skinnstakken», sa dei. Dei to neste månane var drenge- og jentemåne. At skikken er gammal kan me sjå av at dei brukte dei gamle månadsnamna og likeeins at det er himmelmåne dei rekna med.

Påska og pinse gjekk folk til kyrkja.


BORDSKIKKER

Det har fra gammelt vore skikk og bruk i Bjerkreim å være gjestfrie. Kom det framande til gards, vart dei godt mottekne og fekk både mat og husrom.

«Til mat og klæde den mann hev trøng som hev i fjell fare», sa dei.

Den framande tedde seg høvisk og det høyrtedde til skikken å vera «sterkboen». Han skulle ikkje setja seg, når han kom inn i stova, før enn han var beden om det, og skulle han innåt bordet for å få seg mat, måtte han bedast fleire gonger. Nei takk, vart det gjerne sagt, dei skulle ikkje ha noko

kostnad på *han*, han hadde ikkje hatt lange vegen. Og når dei gjekk att måtte dei bære helsing med seg.



Fra venstre; smørkanne, saltkar, mjølstrykkje, treskåler (dreid), sjålykt og lysa-kjerring.

Det var nokså lettvint å dekka bord til kvardags i gamle dager. Det var svært lite av det som kallast bordsett eller «dekketøy». Tallerken og likeeins gaffel kom ikkje alminnelig i bruk i Bjerkreim før mot slutten av 1800-tallet. Da hadde det gått omlag eit hundre år siden desse tinga var tekne i bruk hjå «storfolk» i dei nordiske land.

Av dei ymse ting som hørde kvardags-bordstellet til, kan det nemnast «skåvarene». Desse var laga mest som et djupt trau, og bruktest istaden for fata nå. Småskåler og større skåler eller «bodla» var og mykje brukta; desse var dreid. Skeiene var av tre eller horn. Dei var svært stutte og breie.

Skikken ved bordet i Bjerkreim var den same som over heile norden og endå vidare. Dei åt av ein eller to skåvarer alle som satt tilbords, kvar med si skei. Slik åt dei suppa, graut, velling eller dravle. Og var det kjøttmat med jordeple (poteter), la dei kjøtt og jordeple på ein brødbit istaden for nå på ein tallerken. Denne «brødbisken» åt dei opp på slutten av måltidet. For å gjera det lettvin, især om sommeren når det var travelt, brukta stundom somme å la grauten stå i gryta han var koka i, til dess han var oppeten.

Til gjestebords hadde dei mykje sølvskieier. Det var skikk i dei tider at dei hadde ein del av eiendommen sin i sølvskaker, og mellom desse var sølvskieier. Bord-knivane var heimelaga. Karane nytta helst slirekniven, som dei jamt bar på seg, til bordkniv.

Ein underlig bordskikk som dei gamle fortel om, er *bordhall*. Bordhall vil segja: at når framandfolk, ville syne vørnad, vart sette til bords, skulle det ikkje berre væra med mat til å *eta*, men og ei rimelig mengd til å *sjå på*. Dei vanlige hushaldsrettane var eit svært knostfat (ostefat) og ei ditto smørkanna. Knostfaten til bordhald kunne væra så stort at det laut 2 mann for å lyfta det opp på bordet. – Kva meininga var med denne skikken er ikkje godt å vita; vonlig var det for å syna: at reservalageret av matvarer var i orden, så dei kunne bare «eta og gjera seg tilgode».

Det må i det heile aktast at *maten* var hellig for dei gamle, det var Guds gaver. Å fara uviselig fram eller sole med maten var utenom folkeskikken. Ein såg heller aldri brødbiter slenge i tunet.

ARBEIDSKIKKER

Skal me få tak i foreldra sine arbeidskikker, og likeeins korleis dei stelte seg i matvegen, er det likast å vera med dei i kvardagslaget gjennom eit år.

Me må hugsa på at det då var naturalhushald. På kvar gard avla og laga til all den maten som trongs gjennom året av korn, poteter, fisk og vilt. «Me kjøpte ikke anna enn salt og kanskje ei halvtønne rug til jul» seier gamle folk når me taler med dei om dette. Når all maten skulle avlast og tillagast, vart det arbeid nokså jamt gjennom heile året for husets folk med tenarer.


Før i tida reiste ikkje folk mykje til Stavanger (byen). Det var ikkje anna enn kløvveger, så det var tungvint å fara, og folk ferdast ikkje på byvegen oftare enn dei trong, eller høgst 2 gonger

om året for å selja smør.

Jonsok reiste Bjerkreimsbuen mykje til Stavanger, då var det marknad og då var årstida laglig å reisa med lange dager og lyse netter. Det var nå og mat langs vegen for kløvhesten, og det hadde mykje for seg. Den nedre delen av bygda ferdast gjennom Gjestal og Høyland, og den øvre delen tok over heiane til Dirdal, og derifrå rodde dei til Stavanger.

Ola Ivarson på Eik i Ørsdalen (1826-1914) fortalte at han i sin ungdom hadde gjort «byreise» på 2 døgn. Han tok ut frå Eik om kvelden jonsoktid med smørkløv og for over Kalrasheia, Maudalsheia, gjennom Skredeli og til Dirdal, som han nådde om morgenon. Her leigte han seg båt, og då det var austavind, kunne han segla til Stavanger. Det gjekk godt å selja smøret, og i 3-tida var han ferdig å ta på heimvegen. Nå hadde vinden snudd, det var solfarvind, så han kunne segla attende og. Nå la han opp kløvet og tok på heiane om natta og var heime om morgenon. «*Eg va så fegjen*», la han til, «*at eg inkje treffte på någen skrapp*».

Slik kan det gå når dei røynde seg hardt og alt laga seg, men til vanlig måtte dei nok rekna med at ei slik byferd tok minst 4 dager, og kom uvær eller gjerne uføre attåt, var det nok alt anna enn morotur.



Alt av utstyr vart laga heime, her ser me eit lite utvalg.

Fra venstre: Lite kjerald med årstall 1747, fløtetilk, skinnkrok og linhekle.

Tida mellom vårvinna og slåtten er den lyseste og gildeste tida gjennom året. Hadde dei ikkje nybygging føre seg, var det ikkje noko sær arbeid som pressa på, og tida vart derfor nytta til ymse arbeid som det var laglig å stella med. I den tida var det nævertak (torvtak) på kvart einaste hus i Bjerkreim, og nævertaket trøngs tilsyn jamnt, om det skal være tett. Var taket så skralt at det lite nytta å «ta ut dropa», måtte huset «*togedras*». Var det eit større hus som skulle ha nytta tak på, bad dei grannane med seg i «*tekkjedugne*». Dei hadde då gjerne øl å by på, og næverlaget skulle være så tjukt at ølbollen kunne stå på skråtaket.

På garder der det var bjørkeskog, reiv dei bork. Borken vart nytta innen bygda til garving av huder og skinn. På dei fleste garder garva dei sjøl det dei trøng til eige bruk. Det var og dei som dreiv dette meir som handverk og garva for andre. På Gjedreim var det eit slikt «*garveri*». Når dei reiv bork, fekk dei og nævr eller «tag», og det var ei svært naudsynt vare, då som sagt alle husa hadde torvtak.

Brennetorv måtte også skjærat i denne tida. Så var det å setja seg istand til slåtten med river og orv, med ljåer og «*kvassteiner*» (brynestiner), for ei eller to veker etter jonsok tok den lange onna til – dei dreiv på og slo i 7-8 veker, og hadde dei naud med slått, helt dei på til graset gulna. Merke på kva tid graset var fullvakse og dei kunne ta til med slåtten var, når det første «*aua*» (blom) viste seg i romeblomen, eller den første «*kodno*» viste seg i havreåkeren. Desse to ting skal år om annet syne seg nokolunde samstundes.

Det meste av høyet i dei tider vart hemla (sanka) i «*rostet*» og fjellslåtten. Før dei tok til med slåtten hemla dei saman noko lyngrask til å ha på botnen i løa under høyet, for å unngå fuktighet fra moldgolv. I slåtten var dei svært ivrige. Dei var oppe med sola og heldt på, med unnatak av ei dugurs- og middagskvil, til seine kvelden. Var det ein lengre godværstur så det var ringt med

slåttedogg, og dei var oppe «*te bedan*», dvs. så snart det vart lyst eller i 2-3 tida, når det var tidlig på sommeren, for å nytte morgendogget.

Men då som nå var det nok meir om å gjera å få godvær enn slåttedogg. Når uværstiene, med olsok-flaum, Magreta Vassause og Jakob Våthatt, vart så svære at det ikkje var råd å få høy i hus på ein rimelig måte, då var det «røydeår» med meir eller mindre utskjempt høy. Men eit røydeår i den tida hadde større etterverknad enn nå. Dei fora ikkje med kraftfor, med unnateke av litt havremjøl av lettakorn til mjølkekyrne, og når høyet var halvrote og lite næring i, vart kreatura sveltefora, sjølv om dei fekk nok høy og vart såleis tasne (underernærte). Eit røydeår på høyet om sommeren fekk derfor følge som eit uår på kreatura om vinteren.

I slåtten, når dei var så tidlig oppe, åt dei eit matmål i 4-tida, åbit. Til morgons eller bisken (umlag kl. 8) var det byggmjøl-velling med flatbrød attåt. Ved 11-tida åt dei dauremål. Det var graut og mjølk eller skjyr-dravle. I 3-tida eller non åt dei nonsmaten. Då var det kjøtt eller fisk, men om sommeren brukte dei mykje flatbrød med smør og mjølk til. På «*beden*» hadde dei ymse ting etter som det fall: gomemyssmør, myssmør, fatost (knost) eller jordeple. Til kveldsmat eller nattverd var det kjæse-skilt eller dravle tillaga av söt mjølk og skilt ved kjæse, løype. Denne dravlen var gjerne laga av geitemjølk. Ei kost-regla fra Odland lyder: «*Målabrø te gjædaren, skinansbrø til Lars og kaga te meg å badne*». (Kanskje Berte, 1736 – 1806, kona til Lars Stigson?)



*Ymse gjenstander samla på bordet i Austrumdal Gardsmuseum.
Her er ein ølolle med hank, eit ølkrus med utskore lokk, fire forskjellige dreide fat,
og tri forskjellige lokk; tunnelokk, tinelokk og eit anna.*



Nylaga siltre etter gammal utslikt modell. Sjølve silen er laga av hekla kuhalar.

Dei hadde mykje mjølk om sommeren og levde svært mykje av mjølkemat. Kyrne «*bar*» (kalva) mellom kjøne-møss (2. februar) og vårfru-møss 25. mars, for då var dei to gonger nybærte (andre gongen når dei kom på beite og var full-aukte).


Mjølka var silt i ei trekolle og stod i ro til ho var skyr, surmjølk, då skumma dei fløten av. Av

skydravle laga dei fatost. Mysa vart nedkoka til myssmør. Dette myssmøret lagra dei til vinterbruk i myssmør-strokkar. Desse var vide nede og smale i øvre enden, for at muggskorpa skulle verta minst mogelig stor.

Då dei hadde så mykje mjølk om sommeren, laga dei det meste smøret nå. Dette var den viktigaste handelvara. Då dei brukta opptil 3 matmål om dagen der dei brukta smør, gjekk det nok ikkje så lite smør med i hushaldet, endå dei åt svært fint i smøret. Dei heldt det for ei skam å være «feitætne»




I gardsmuseet i Austrumdal oppbevares to dører fra det gamle huset fra 1730-åra. På dørkarmen står skrive:
 «Fra Ildens Fare Og Skadelige Lue Bevar O Gud Dette Hus Og Stue»
 Bokstavene M.H.S.Ø og I.A.D.Ø. Står for Maurits Hadvar Son Østrimdal (1782-1836)
 og Ingeborg Aadnes Dotter Østrimdal (1792-1867)



Gardsreidskapen var sjølvlagd. Her ser me to jernstykker som har tilhørt fremst på treplogen (ard). Arden hadde ei fjøl (plogfjøla) som kunne settes på begge sider, dermed kunne ein ploye att og fram, slik som med vendeplogen i moderne tid.

Det vart alltid nytta okser til å trekke arden, oksene stoppet opp om arden kom i ein jordfast stein, mens hester ville legge seg i selen og sliter arden i småbiter. På små åkerlapper kunne menn eller kvinner være «trekkdyret». Men mest til åkerarbeid vart det nytta trespade med ei jernplate som egg.

Gjæteren måtte følge kreatura om dagen, den tid det var ulv og bjørn, og passe dei mot desse udyra. Når dei bles i eit bukkehorn, vart villdyra redde. Dei som hadde øyra for toner, lærte seg til å spela på desse horna. Det var så vent å lytte på når gjæteren kom på leide og bles i «luhodnæ».



Gjæterutstyr (Frå Dalane Folkemuseum).

På venstre side: Mjølkeholk, Holk til å ha mjølk og skyr i, Flatbrød-bomma.

På høgre side: Luhodn, Bokhus, Bakmeis, Langelurer.

Så var det skuren og berging av korn. Det var så viktig å berga maten, at kyrkja gav dei lov å køyre inn korn på ein søndag, om været var ulaglig. Om hausten når dei hadde fenge inn avlinga, hadde folk i gamle dager ei tid då det ikkje var så travelt. Nydyrkning og jordarbeid dreiv dei lite med, og dei nyttta då tida til å fiska. Dei tok fisk på bekkene, sette garn og stegla, og auren dei fekk, salta dei ned til spekefisk.

Når den første snøen viste seg på fjelltoppane, spådde dei korleis vinteren skulle verta, kom han tidlig var det godt merke.

Så snart kornbanda hadde lege i staen ei høvelig tid tok dei til med treskinga. All tresking vart gjort med tust. Dei la kornbanda ned i låven med opployst bендel, ei rad på kvar side, slik at toppenden vart liggjande i midten. Dette kalla dei ei «berja». Med tusten banka dei nå kornet or aksa, og dette var å «aveksa». Sidan tok dei band for band og handsama dei med tusten, slik at det vart til ein halmdott. Når dei hadde «trøkst» så mykje at det var ein del korn i låven, måtte dei «gjera opp» eller renska kornet. Først måtte dei ta det gjennom «skaksoldæ» for å få det renska for halm-stubbar, deretter kasta dei kornet frå den eine enden av låven til den andre. Luftmotstanden hindra då agnet og lett-kornet å flyga så langt som tung-kornet, og kornet vart såleis renska. Det tyngste kornet mol dei til grautmjøl, og av det nesttyngste tok dei såkorn.

Turka og mala måtte dei nå før frosten kom. Før dei hadde kornet i kvernvia, måtte dei «drøpta» det i drypt-troget for å få det reint og dumbefritt. Dei måtte mala i fleire dager. Når malinga var fråseggjort, tok brødbaksten til. Dei baka i fleire dager, og ruva på ruva med fratbrød vart borene inn på stolpbaua.

I slutten av oktober og uti november kalla dei gamle for gormånad, slaktemånad, for nå vart dei slakta dei kreatura som skulle nyttas til kjøtt «leggja til huse». Kjøtet vart først lagt i salt, til dess


det var gjennomsalta, så vart det turka og sidan hengt på stolpebua. Skinna vart lagt i vatn til røyting, for sidan å verta garva. Dei laga det mykje til slik på ein gard med fleire bruk, at dei ikkje slakta alle på ein gong, så gjekk dei å einannen med blodmaten. På denne måten kunne dei ha fersk blodmat i lengre tid. Talgen vart «brædd» og støypt til lys.

Utpå hausten og vinteren hadde kvinnene arbeid med å laga ull og ru om til klær. Først måtte dei finna ut kor lang vev eller vevar dei kunne leggja i veg med, så spann dei varpet (renning) først og sidan veptet (innslaget).

Om kveldane og i uværsdager hjelpte karfolka til med grapsing av ull. Dei vann gjerne tråden av snella og. Det var så gildt å sjå då nysteknippen auka på veggen. Vevnaden måtte være unnagjort før utearbeidet tok til. Kona i huset hadde mykje kreaturstellet på seg med unnatak av å gjeva kreatura vatn (brønna) og mjølka. Dette arbeidet hadde jentene eller dei vaksne døtrene. Dette var mange gonger ikkje noko lett arbeid, då vatnet gjerne måtte berast lange veger frå brønn og bekk. Byttene var av tre og nokså tunge, så dei nyttet vass-sele (ok) over skuldrene. Karane sytte for at markhøy vart køyrt heim, og for skav og «beit».

Det kunstige lyset i dei tider var ringt. Dei nyttet difor dagslyset så mykje som råd var. Ei sjålykt var ei hjelp, så dei kunne bera lys med seg om dei skulle åt fjøset og mjølka eller eitkvart anna, men ho lyste så ringt at fjosstellet ellers vart gjort ved dagslys. Inne i stova var det som før sagt tyrispik, seinare brukte dei talglys. Det vart sett i ein stor trestake eller lys-kjerring midt på golvet. Dei som arbeidet måtte setja seg så tett inntil henne som råd var, skulle dei sjå nokolunde. Det er eit gammalt herme som seier: «*Goi gry ska grauden lysa*», og dette fortel så mykje som at midt i februar månad åt dei kveldsmaten med dagslys.

Uti andre halvpart av 1800-tallet tek det til å verta eit skifte både i levevis og måten å driva arbeid på. Etter den tid tek det til å verta betre veger og betre arbeidsredskap. Vegane eller den lettare samferdsla mellom by og land fører med seg at ymse matvarer som kan kjøpast, nå tek til å verta kjøpte og nyttet i hushaldet. Smått i senn auka dette på slik at ved 1900-tallet er matstell og levevis ikkje attkjennande. Omgangskikker vert og annerledes. Me er komne inn i «den nye tida».



Til venstre: Åkle, «Gamlamorstolen», Ølkrus med utskore lokk.

Til høgre: Ridesal for kvinnfolk. Dei skulle ikkje sitja til skrevs over hesten, og dei rei derfor sidelengs med begge føttene på sida av hesten.

*Desse gjenstander er fra Austrumdal.
Dei første som åtte denne stolen og salen var:
Ingeborg Ådnesdotter Ausdal (1792-1867) og
Valborg Bjørndotter Eikeland (1818-1903)*